

Andeløp med flotte premiar.

30.05.2017



Ivar Gundersen klar til å senda av garde 200 ender i 2008.(Foto: Matti)

Laurdag den 10.juni er det klart for den populære Aktivitetsdagen i båthamna igjen etter at det var pause i fjor. Denne dagen har alltid samla svært mykje folk, og det har alltid vore så koseleg. Nytt av året er det at Uskedal båtlag sitt strandhus er på plass, medan andeløpet i Uskedalselva har alltid vore med på programmet. Slik er det også i år!

And- delsbrev!

Laurdag 10. juni på aktivitetsdagen!

For 100 kr, er du den stolte eigar av and nummer:



1. Premie	Gassgrill (verdi 4000,-)
2. Premie	Hagegruppe (verdi 4000,-)
3. Premie	Bålpanne (verdi 2290,-)
4. Premie	Bålpanne (verdi 2290,-)
5. Premie	Krabbekokar m/panne (verdi 950,-)

Følg løpet frå Øvre Feet til elveosen. Vi vonar med dette at di and vil visa ypparste symjedugleik denne dagen. Måtte den beste anda vinne!

Inntekta i år går til reperasjon av taket i aktivitetshuset.

Arrangør:



Sponsor:



Uskedal Idrettslag

Fellesskipet Kvinnherad

Med slike and-delsbrev er ein sikra spenning og kan vinna flotte premiar!

Det var Ivar Gundersen som kom opp med idén, og det første andeløpet vart arrangert i 2008.

I desse dagar er aktive unge og eldre i gang med salg av and-delsbrev. For 100 kr kan vi gjennom å kjøpa eit slikt brev og dermed eiga ei nummerert and som deltar i andeløpet dene laurdagen. Start er ved Djupehølen og så kjempar andeflokken seg nedover elva. Innspurt og mål er like nedanfor skulebru. Mykje publikum pleier å samla seg langs elva under det spennande løpet.

Eigarane av dei fem første endene som kryssar mållinja, vinn flotte premiar. Premiane vert fordelt i denne rekkefølgja:

1. premie: Gassgrill(verdi 4000,-kr)
2. premie: Hagegruppe (verdi 4000,-kr)
3. premie: Bålpanne(verdi 2290,-kr)
4. premie: Bålpanne(verdi 2290,-kr)
5. premie: Krabbekokar m/panne(verdi 950,-kr)

Og så er det enkelt og greitt slik at di fleire and-delsbrev ein kjøper, di større vert sjanan for siger og heider. Inntekt frå løpet skal i år gå til reperasjon av taket på Aktivitetshuset.

FK butikken, Felleskjøpet Kvinnherad er sponsor for Andeløpet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.